

## Bestill ein forskar

La ein forskar piffe opp serveringa i klasserommet, bedriftskantina eller foreldremøtet. Mange institusjonar tilbyr utlån av forskara under Forskingsdagane - heilt gratis!

Bestill ein forskar til klassen eller kantina di! Foto: Bård Gudim/Forskingsdagane

Mange arrangørar under Forskingsdagane tilbyr forskarar til utlån! Her kan du få forskarane til å komme ut til skulen klubb, arbeidsplass eller foreining etter nærare avtale. Dei uhøgtidelege foredrag frå lokale forskarar er både læreril og inspirerande.

Forskarar frå mange ulike fag stiller opp, og det blir tilbode både fysiske og digitale besøk. Men, det kan vere avgrensingar i kor langt forskarane har høve til å reise fysisk eller kor mange foredrag dei har kapasitet til under festivalen, så her lønner det seg å sende inn bestillinga si.

Opplegget blir koordinert lokalt hos kvar enkelt forskings- eller utdanningsinstitusjon. Så sjekk under programmet so oppført for byen eller regionen din om det er forskarar tilgjengeleg for bestilling der du er. Dei fleste legg ut lister med foredrag/tema som kan bestillast i august og september.

Bestill ein forskar er eit ekte produkt av kreative Forskingsdagane-arrangørar som for mange år sidan kom med ein idé. Ordninga er også med stor suksess eksportert til to danske og ein estisk festival.

Liste med kvar du kan bestille ein forskar frå i 2024 står til høgre.

---

Publisert 10. jun. 2022 | Oppdatert 13. sep. 2024

Last ned  | Del 

Meldinger ved utskriftstidspunkt 14. mars 2025, kl. 06.30 CET

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.